

Tur til Thorsgruva i Øvre Vats:

Frå Knapphus - kjør omlag 2,5 km nordover langs E 134 mot Ølen til Eikesdalsvegen. Her står det skilt til Eikesdal til venstre og TURSTI-skilt. Følg vegen omlag 700 m oppover til du kjem til skilta P-plass. Her finn du info.tavle og kart over mange fine turar som startar herifrå.

Start: 700 m oppe på Eikesdalsvegen frå E 134

Parkeringsplass: Ja – godt tilrettelagt p-plass hos Per Døvik m.fl.

Avstand: Omlag 850 m å gå få P-plassen..

Tidsbruk: Turen tek berre 10 – 15 min. ved vanleg gange opp til gruva..

Vanskegrad: Blå tur – kort familietur på merka skogsveg opp.

Terreng: Gjengrodd traktorveg med gras. Litt bratt siste del av vegen.

Opplysn. Følg traktorvegen 200 m langs elva til ei grind/gjerdeklyvar og ta av til høgre like etter grinda/gjerdeklyvaren. Følg skilt og merkepinnar Svært fin utsikt over Vatsbygda frå gruva

Thorsgruva – ei open daggruve som vart driven frå 1894 – 1914.

Grunnleggaren var Mauritz Kartevoll (1833 – 1922) frå Sandnes.

Fann thorium – eit urananholdig mineral som vart sendt ut i Europa til vitenskaplege læresenter for vidare forskning.

Sjå informasjon om gruva på info.tavle som står oppe i gruva.

Fottøy: Vanlege sko.

God tur.

Informasjon om Thorsgruva i Vats i Vindafjord kommune.

Informasjon om gruva:

Dette er ei **dagbrotsgruve**, dvs. ho ligg open – vart driven frå 1890 – 1914.

Det var fyrst glimmerbrotstuttak i 1890-95. Det er glimmer mange stader her i området.

Det vart funne **uranmalm** i pegmatittgangar i Thorsgruva – dette vart opptakten til aktiv gruvedrift etter uranmalm og thorium frå 1895 og framover. Malmen vart teken ut frå fjellet, knust til pellets og pakka i kassar.

Johan Velde (1895 – 1994) fortalde at han som 10-åring var med og kjørte malmkassar med hest ned til Åmsosen der kassane vart videresendt med båt til Stavanger. Derifrå vart malmen fordelt og sendt ut til ulike ”lærestader” i Europa.

Uranen vart altså eksportert til ulike vitenskaplege læresenter rundt omkring i Europa for analyse og til vitenskapleg forskning. Om lag 1300 kg. uranmalm vart teke ut i gruva.

Av denne uranmalmen vart edelgassen helium for fyrste gong påvist av den engelske vitenskapsmannen **Sir William Ramsey**. Han fekk Nobelprisen i kjemi i 1904 for dette arbeidet.

Madam Marie Curie (1867 – 1934) fekk Nobelprisen i fysikk i 1903 for framstillinga av det radioaktive stoffet radium. Det blir hevda at ho fekk uranmalm frå denne gruva til sine analyser. Ho var fyrst ute med begrepa radioaktivitet og røntgenstråling.

Namnet **Thors gruve** kjem av namnet **Thoritt** som er eit mineral som inneheld grunnstoffet thorium som vart oppdaga av den svenske kjemikaren **Jøns Jakob Berzelius i 1824**.

Thorium har namnet etter den norrøne **tordenguden Tor**. Thorium har uvanleg høgt smeltepunkt, +1363 grader C, og blei brukt i gassbrennerar.

Uranmalmen var svært godt betalt – kiloprisen var på 150 – 190 kr den gongen.

Ny forskning og teknikk førte til behov for nye mineraler i slutten av 1880 åra og framover. Det var svært stor skjerpfeber/leiteaktivitet etter mineraler på denne tida i heile landet.

Skjerp tyder **leiting** etter malm. Dei som fekk skjerp, fekk berre **rett til å leita** etter mineral.

Muting – er **tinglyst rett til å få ta ut** metalliske mineralførekomster.

Her i Vats hadde me 4 gruver + eit skiferuttak

1. Thors gruve (uranmalm)
2. Sørhusgruva (koparkis)
3. Krakkanutgruva (feltspat)
4. Årligruva (glimmer)
5. Skiferuttak i Blikrabygda/Vestvoll.

Grunnleggaren av Thorsgruva , Mauritz Kartevoll (f. 1833 – d.1922) var frå Sandnes. Kartevold vart gripen av skjerpfeberen. Han hadde fått kjennskap til glimmerbrotet her i Vats – han visste at glimmerbrot kunne innehalda thoritt.

I 1894 fekk han skjerp og mutingsbrev av Henrik Spartveit. Han såg verdien av mineralane som låg her. Han sette i gong gruverdrifta med hjelp av lokale folk.

Mauritz Kartevold var ein uvanleg evnerik og sjølvlernt mann som leste mykje – han las kjemi, fysikk, astronomi, geologi, tekniske vitenskapleg skrifter, teologi m.m.

Han var ordførar i Sandnes i to periodar, grunnla biblioteket der, var handelsmann, dreiv bakeri, var urmakar av yrke. Dessutan reiste han rundt omkring saman med Asbjørn Kloster og stifta fråhaldslag mange stader. Han var svært filosofisk og vart difor kalla Jærens Sokrates.

I 1865 oppdaga han og ein kamerat, Thorbjørn Brueland, koparførekomster på Visnes i Karmøy. Kartevoll måtte selja dette og tente ikkje store pengar. Gruva vart Nord Europas største gruvesamfunn med over 3000 innbyggerar. Hgsd. Sjukehus kjem opprinneleg derifrå.

Siste gruverdirektør på Visnes var **Ingvald Ohm frå Nedre Vats**. Gruva vart lagt ned i 1972.

Visnes gruve er i dag museum – ta turen der ein søndag og sjå utstillinga og området.

Hovudgruva er 700 m djup med mange sidegangar.

Frihetsstatua i USA har fått kopar frå denne gruva. Det står miniutgave av denne der ute.

Thorsgruva inneheld fleire sortar uranmalm som hadde spesielle eigenskapar.

Franskmannen Becquerel oppdaga radioaktiviteten som fenomen (jfr. måleenheten bequerel etter Tsjernobelulukka i 1986) og **Marie Curie** forska på radium og **Wilhelm Røntgen**

oppdaga røntgenstrålene i 1896. **Engelskmannen William Ramsey** fekk fram edelgassen helium frå uranmalmen Clevitt. Alt dette hadde Kartevold lese. Desse vitenskapsfolka brukte ulike typar uranmalm som vart funne i Thorsgruva.

Kartevold hadde kontakt med desse og sende dei uranprøvar. Han fekk gode

tilbakemeldingar. Dermed såg han for seg store muligheter for stordrift i Thorsgruva.

Radioaktiv stråling hadde fått stor plass i medisinen.

Kartevold hadde store visjonar og framtidsutsikter for denne gruva og skreiv dette:

”Ertsene frå Vats har vist seg rige. Jeg antager at Uran-Clevit Radio.erts kan gjemme seg tusende steder i Vats Fjellenes dyp og avsette radioholdig vand.

Det vilde være en stor lykke for Vatsbygden og et gavn for Menneskeheten, thi kunsten at forlengje livet er av stor almen betydning. Det vilde glæde mig om Vand og Fjeld viste sig særs nyttige i Lægehenseende.

Vandkilder ved Radio-Ertser er overmåte nyttige for Kuranstalter især for Brystsyge, og kronisk syge og mange andre vanskelege Sygdomme.”

Kartevold såg for seg ”**ein stor gruveby i Grånuden**”(i dalen rett nord for gruva) med eit **Sanatorium** like i nærleiken.

I 1905 hadde han vyer om eit Radiumhospital i Vats med bakgrunn i medisinske erfaringar frå utanlandet.

Professor William Ramsey m. fl. vitskapsmenn var her på vitjing. Dei overnatta i Ølen. Ein av mennene vart sjuk. Kartevold fekk ein mann til å henta vatn i Thorsgruva som den sjuke skulle drikka - men om han vart frisk, er ukjent.

Her kan også nemnast to vatsbuar som arbeidde i gruva tidleg på 1900-talet.: Laurits Årli og bror hans, Andreas Byrkjeland. Laurits var arbeidsformann ei tid. Andreas busette seg på Byrkjeland og hadde bureising der – han sikra seg arbeid i gruva samtidig for å få inntekt.

Prisane på thoritt vart låge og funna var for små til å driva. Kartevold måtte til slutt gi opp.

Spartveit selde gruva til ein engelskmann Price for 30 000 kr.

Det vart ikkje meir gruvedrift etter dette.

Kartevold døydde i 1922, 89 år gamal og etterlet seg kone og 9 barn. Han vart ikkje rik på sine investeringar. Han møtte også mykje motstand for sine tankar og idear. Han var eigentleg ein mann foran si tid.

Under 2. verdskrig vart det drive glimmeruttak. Tyskerane var interessert i gruva – dei visste om uraninnhaldet. Ein kar som heitte **Hans Ramberg** hadde tilsyn med gruva under krigen. Ramberg prøvde å halda gruva hemmeleg for tyskerane under krigen – difor kalla han gruva for **Trodlaskargruva** fordi ho ligg ved **Trodlaskarhaugen**.

I 1945 vart det teke ut 15 kassar uranmalm som låg att i gruva etter krigen. Desse vart lagra på låven til Ådne Spartveit i mange år. Kassane vart sidan lagra forsvarleg i eit HV-lager i Hagesund og seinare sendt til Universitetet i Bergen.

I 1946 var det prøvedrift att i nokre veker av **Minekompaniet v/ein Tidemann**.

Vatsbuane Ådne Spartveit og Jonas Tønnessen var med og arbeide i gruva. Dei bygde ei smie og borte med hammar og feisel. Dei skulle førebu skyting av tunnel. Tunnelen vart det ikkje noko av.

To statsgeologar - Bjørlykke og Rosenkrants frå Oslo var i gruva på 50-talet med geigerteljarar og undersøkte om gruva kunne opnast att for drift.

Konklusjonen var at det ikkje ville vera økonomisk forsvarleg.

Men dette med thorium har blitt aktualisert i det siste.

Kven veit om framtida til gruva?

Øvre Vats 5. mai 2012

Kort historikk skriven av Jon Olav Velde